

DÖDSTRÖYTTEMENN.

Eigen tone.

Dödströytte menn i ein stormsliten båt,
ligg i rasande uver på havet.
Longo kvar mann inntil skinnnet er våt- - -.
Og dei ofte vert burte i kavet.

Byljone rullar, so höge som fjell,
med ein frösande brotskavl um toppen.
Båten vert lyft, men so atter han fell
so det formeleg krittlar i kroppen.

Sturtsjöar allstödt um æsingi bryt.
Dei fær blöytt seg, dei sjövande hausar.
Reidskapen, fangsten og tiljone flyt-
Med'på hardaste livet dei ausar.

Båten tilsist på ein brotskavel rid
mot ein fallgard- uhyggjeleg näre- - -,
so mot eit ovdjup tilendes han glid- - -,
og so ligg han med kjölen i veret.

Alle som ein fann i djupet si grav.
Ingen kom dei til hjelp på det siste.
Sundslegne båten med stormen dreiv av- - - -.
Kvar dei ligg er det ingen som visste.

Slikt hender jamt på vår verslitne kyst,
og dei fær korkje sveip eller kiste,
dei som var verde ein "kross" på sitt bryst.
I si sorg sit dei att, dei som misste.

Johs.M.L.Rydland.